

SMITTEVERNREGLAR FOR UTØVAR – DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN MØRE OG ROMSDAL

Før turné:

- Følg karantenereglane dersom det er aktuelt før turné i Den kulturelle skolesekken.
- Utøvarar som er saman på turné blir rekna som ein kohort under turné. Dette betyr at de kan dele bil, bere utstyr og vere saman på scena. Jf. Regjeringa sitt unntak frå 1-metersregelen til utøvande kunstnarar.
- Vurder om elevmedverknad kan gjennomførast.
- Ring skolen 1 veke før arrangementet og gå gjennom alle forholdsreglar knytta til besøket.
- Dersom arrangementet er i kulturhus – ring kulturhuset i god tid for å avtale get-in og smittevernreglar.
- Ver merksam på symptom på Covid-19. Ved symptom før turnéstart – ring oss i DKS Møre og Romsdal. BLI HEIME!

Under turné:

- Følg Folkehelseinstituttet sine generelle smittevernråd (www.fhi.no)
- Dersom du vaknar med symptom på covid-19 skal du:
 - Ring til stadene du skal ha førestilling den dagen
 - Ring DKS Møre og Romsdal
 - Hald avstand og ta på munnbind.

Symptom på Covid-19: feber, hoste, tungpustethet, hodepine, slapphet, nedsatt lukte- og/eller smakssans, muskelverk, sår hals, rennende eller tett nese og nysing.

- Dersom du får symptom ute på eit arrangement:
 - Gi beskjed til kontaktperson/kulturhuset med ein gong.
 - Hald avstand og ta på munnbind.
 - Isoler deg før avreise
 - Kontakt lokalt Korona-testsenter for å bli testa. Ikkje bruk offentleg transport tilbake til hotell eller testsenter.
 - Gi oss beskjed i DKS Møre og Romsdal

Forholdsreglar på turné:

- God handhygiene, særleg mellom skolar og før/etter handtering av utstyr.
- Utøvar tek med antibac og munnbind (kostnad for dette kan leggst til på faktura til DKS Møre og Romsdal)
- Kontaktperson på skolen/kulturhuset viser veg til spelestaden, og kva rom som kan nyttast under besøket.
- Hald 1 meter avstand. Avstå frå handhelsing.
- Dersom berehjelp er heilt nødvendig må dette avtalast på førehand. Berehjelp skal utførast av ein frisk vaksen.
- Ta med eigen mat og drikke.
- Avtal plassering av elevane med skolen. Avstanden mellom elevane og scena skal vere 2 meter.
- Rigg opp og ned eige utstyr sjølv.
- Hald deg på eller bak scena. Både når elevane kjem inn og går ut.